



Helge Kvam

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1039 - 18/7114

Saksbehandlar:  
Nina Randal  
nina.randal@meland.kommune.no

Dato:  
06.04.2018

## Endra premisser for frivilligsentralar som følgje av bortfall av retningslinjer

### Bakgrunn:

1 januar 2017 markerte eit skilje då kommunane tok over ansvaret for tilskota til frivilligsentralane. Staten, ved ymse departement, har sidan 1991 administrert tilskotet direkte til frivilligsentralane. No er det kommunen som er mottakar over rammetilskotet, tabell C. Departementet sine retningslinjer for frivilligsentralar fall samtidig vekk.

### I proposisjonen side 123 kan ein lese:

#### 10.7 Kulturdepartementet

##### 10.7.1 Tilskudd til frivilligsentraler

*I forbindelse med behandlingen av Meld. St. 14 (2014–2015) Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner har Stortinget sluttet seg til at ansvaret for tilskuddet til frivilligsentraler bør overføres til kommunene, jf. Innst. 333 S. (2014–2015).*

*Tilskudd til frivilligsentraler budsjetteres i dag over kap. 315, post 71 på Kulturdepartementets budsjett og utgjør i 2016 127,8 mill. kroner. Regjeringen vil i statsbudsjettet for 2017 foreslå at tilskuddet innlemmes i kommunenes rammetilskudd.*

*Dagens retningslinjer for ordningen vil med dette ikke bli videreført. Med et kommunalt helhetlig ansvar for sentralene vil det ligge til rette for en videreutvikling av ordningen i tråd med lokale tradisjoner og behov. Det legges opp til at midlene fordeles særskilt innenfor rammetilskuddet (tabell C) i en overgangsperiode på fire år. Fordelingen av midlene for 2017 vil bygge på Kulturdepartementets fordeling i 2016. Kommuner som oppretter eller nedlegger frivilligsentraler i overgangsperioden, vil bli bedt om å rapportere om dette til Kulturdepartementet, slik at det kan tas høyde for dette i fordelingen av midler i påfølgende år. Tilskuddet trappes opp i fireårsperioden.*

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-123-s-20152016/id2500136/>

### Vurdering

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Sidan retningslinene som skildrar behovet for styre og årsmøte fall bort, er ein prosess i gong i fleire frivilligsentralar og kommunar for å sjå korleis ein skal handtere dette gjeldande organiseringa av sentralane, spesielt i høve etablerte kontaktpunkt mot andre partar.

Bruk av omgrep som styre og årsmøte har i den nye samanhengen eit meiningsinnhald som ikkje er reflektert i drifta til frivilligsentralen, som no er å sjå på som ein regulær del av den kommunale drifta. Behovet for gode kontaktpunkt mot frivilligheita, politiske miljø og kommuneadministrasjonen vil likevel vera tilstades, sidan innhaldet og formålet ved den daglege drifta av sentralen og tilskotet til denne ikkje endrar seg.

### **Organisasjon og administrasjon:**

Frivilligsentralen i Meland vart etablert i 2010. I 2013 vart sentralen organisert under tenesteområdet kultur, gjeldande personal og økonomiansvar. Dei lokale retningslinene vart sist revidert 18.06.2014, og tek utgangspunkt i det tidlegare forholdet mellom KUD og frivilligsentral. På likt vis fell grunnlaget for desse retningslinene bort.

Nina Randal har stillinga som dagleg leiar i 100 % stilling.

Frivilligsentralen sitt styre har bestått av:

- Representant frå kommunestyret – ordførar
- Leiar for Utval for levekår
- Representant frå Rådmannen
- 3 representantar frå lag og organisasjonar i kommunen.

Årsmøtet:

Kommunestyret

### **Økonomi:**

Ytinga over rammetilskot tabell C utgjer 392 000,- for 2018. Denne ligg i ramma for tenesteområde kultur, og tilfaller drifta av Frivilligsentralen.

### **Konklusjon:**

Styret i Meland frivilligsentral kan gje uttale om korleis Meland frivilligsentral skal oppretthalde og vidareføre kontaktpunkta med lag, organisasjonar, politikarar og kommuneadministrasjon etter bortfallet av retningslinene knytt til tilskotet frå KUD.

### **Framlegg til vedtak:**

Med helsing

Eirik Bouwer Utne  
Kultursjef

Nina Randal  
dagleg leiar Frivilligsentral

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**  
Eirik Bouwer Utne

**Mottakere:**

Helge Kvam

Karin Strømmen

Knut Martin Bjørnstad

Siren Grasdal Øvretveit

Sølvi Norunn Knudsen

Øyvind H. Oddekalv